

Kyrkjetonar



Då kom det brått eit kraftig jordskjelv, for ein Herrens engel steig ned frå himmelen, gjekk fram til grava, rulla steinen ifrå og sette seg på han. Han var som eit lyn å sjå til, og kleda hans var kvite som snø. Vaktmennene skalv av redsle for han og vart liggjande som døde. Men engelen tala til kvinnene og sa:

«Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg!

Matteus 28

Framsidediletet:

Frå diakonidagen i Førresfjorden.
foto: kyrkjeNÆR

Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
Mobiltelefon 900 26 142,
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Anne Tove Øvrebø,
Ingrid Hustoft Landro, Edvin Gjerde,
Inger Magrethe Pedersen-Espevold

Post til redaksjonen kan også sendast:
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon:
52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.
Frivillig kontigent: kr. 150,-
Kasserar: Børge Løype,
5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22
Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Kyrkja i Tysvær

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn

Telefon*: 52 75 77 00

Internett: www.tysvaerkirken.no

E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn

telefaks: 52 75 77 10

åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag
kl. 10 - 13

Kyrkjekontoret for Nedstrand sokn

telefaks: 52 75 77 21

åpningstid: tirsdag - fredag kl. 9 - 12

20. mars vart Kyrkjetonar sitt årsmøte halde. Tilsette i kyrkja, representantar for sokneråda, styret og redaksjonen var samla for å samtala om situasjonen for bladet. Det vart eit svært lystig møte.

Årsmeldinga ber preg av god tilgang på stoff. Det er også kjekt å registrera at mange les bladet, og gir tilbakemelding om at dei likar både innhald og utforming.

Det som gav størst grunn til takknemligheit er rekneskaps-tala. Frå å vera i ein situasjon der økonomien begrensa innhaldet i bladet har ein no høve til å fokusera på å laga eit best mogleg blad.

Det er "fotfolket" som skal takkast for denne snuoperasjonen for økonomien. Overskotet i bladet er nesten identisk med den kostnaden me sparar på distribusjon.

I mange år var posten og Norpost vår distributør. Kostnaden med denne løysinga er høg, og frustrasjonen kanskje endå høgare. Me fekk mange tilbakemeldingar frå lesarar som sakna bladet i postkassane sine.

Etter omlegginga til eigen distribusjon har "pipa fått ein annan lyd." Dei mange frivillige som er med på å levera ut Kyrkjetonar er stort sett lokalkjende. Dermed veit dei kva hus det bur folk i og om kanskje hyttefolket har lyst på eit blad.

De som hjelper oss med distribusjonen fortener ei stor takk. I 2013 sparte de Kyrkjetonar for mellom 15000 - 20000 kroner. Dermed kan me heller laga eit større og betre blad. Og skulle det verta pengar "til overs" så har sokneråda mange andre oppgåver som også krev sitt.

Ståle Hustoft

Redaksjonen avslutta: 17. mars

redaktørens hjørne

Sokneprest Arne Aurdal

Tysvær og Bokn sokn, Aksdal Kyrkje
Mobiltelefon: 93 415 402

Sokneprest Bård Egil Dyrhol

Sokneprest Dag Tormod Milje
Mobiltelefon: 934 15 401

Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre

Tysvær soknehus, telefon: 52 77 11 88,
mobiltelefon: 481 35 457

Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus

Aksdal Kyrkje, mobiltelefon: 48 891 427

Trusopplæring/Kyrkjenær

Leiar Kyrkjenær: Kristin Trageton Skofteland
Medarbeidarar:
Nedstrand: Ingrid Hustoft Landro
Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre
Førresfjorden: Kari Undheim
Bokn, Førresfjorden og Nedstrand: Greta Skorpe Elverhaug
Telefon: 52 75 77 00*

Organistar

Kari Undheim, telefon 928 08 103
Stein Johannes Kolnes, mob. 909 18 088
Gunn Bergvold Larsen,
Bokn sokn tel.: 52 83 20 04

Kyrkjeverje

Tysvær kommune: Terje Fjeldheim
Mobiltelefon: 934 15 404
Bokn kommune: Jan Magne Moi
Mobiltelefon: 913 59 668

Kyrkjetenarar

Tysvær sokn: Ingebrigt Lundervold
Mobiltelefon: 404 11 889
Førresfjorden sokn: Målfrid Høie
Telefon: 52 77 36 88
Bokn sokn: Odd Grønnestad
Telefon 52 74 84 03
Nedstrand sokn: Steinar Nordeide
Mobiltelefon: 934 15 403
Skjoldastraumen: Barbara Stølvik
Telefon 52 77 92 78



Bildetekst: Speiderne er ute på ski på lørdagen og her har de laget hopp. **Foto:** Kristin Skofteland

Førre speidere

av Kaja Marie Leversund

Den 7 – 9 mars reiste Førre speiderne på det som de alltid pleier å dra på hvert år, nemlig til Utsikten i Seljestad.

Vandrerspeiderne i Førre har ca. 30 medlemmer, og det er en god måte å få ungdommer til å være med på noe kjekt og noe som man ikke vanligvis driver med.

Utsikten er tradisjon, og denne helga har vi stått masse på ski, hatt leirbål, Guides and Scouts-own (som er en speidergudstjeneste) og ikke minst kost oss masse.

Bildetekst: Speiderne driver her med leken: "Klem et tre." Her er reglene at man skal holde fast i treet, og en av de eldre skal dra alle av. **Foto:** Kaja Marie Leversund



Stått opp for meg

av Leiv Våga

Herren er sanneleg stått opp og har synt seg for Simon.

Luk. 24,34.

Korleis er det i mitt liv? Har han stått opp for meg? Har eg møtt han som den levande Guds son?

At Jesus har levd på jorda er eit historisk fakta som historieforskarar ikkje er i tvil om. At han sa mykje vist og gjorde mykje godt er det og stor semje om. Han har vore og er livsidealet for mange.

Men så er det dei gjerningane hans som ikkje stemmer med naturlovene. Han gjorde blinde sjåande, døde høyrande, lame gåande, spedalske reine, han vekte opp døde. Han gjorde vatn til vin, han metta fem tusen med fem brød og to fiskar, han stilla stormen, han gjekk på vatnet. Og, han stod opp frå dei døde.

Det er mange som kan vitna om alle undera, og om oppstoda. Kvinnene som skulle stella lekamen til Jesus tidleg påskedagsmorgon fann grava tom. Peter sprang og sjekka at det var sant. Og Jesus synt seg for Maria Magdalena og for Peter og for Emmausvandarane. Og han synt seg for lære-sveinane fleire gonger mens dei var samla. Tvilaren Tomas fekk sjå naglemerka i hendene og såret i sida. Då trudde han. Ein gong synt han seg for meir enn 500 skriv apostelen Paulus i eit av breva. Alt dette kan me lesa om i Det Nye Testamentet.

Men det treng ikkje vera sant sjølv om det står i Bibelen, seier fornufta mi. Nei, det er nok berre Den Heilage Ande som kan skape tru. Eg skal senda talsmannen til dykk, sa Jesus. Han meinte Den Heilage Ande. Apostlane var redde og tvila mykje før dei vart utrusta av Anden på Pinsedagen.

I forklaringa til Den tredje trus-artikkelen finn me: Eg trur at eg ikkje av eige vit eller eiga kraft kan tru på Jesus Kristus eller koma til han. Men Den Heilage Ande har kalla meg med evangeliet, opplyst meg med sine gåver, helga meg og halde meg fast i trua.

Les i Bibelen så vil ordet bli levande for deg, rådde mor mi meg til, då eg fortalde at eg ikkje fekk til å tru på Gud. Eg møtte Jesus i Ordet. Dersom tvilen kjem att, er det godt å lesa og høyra Guds Ord.

Og Ordet vart mennesket og tok bustad mellom oss. Og vi såg hans herlegdom som den einborne Sonen har frå sin Far, full av nåde og sanning Joh.1, 14.

Jesus viste oss med sitt revolusjonerande liv korleis me kan få eit godt liv. Korleis me skal tena kvarandre for å få eit godt samfunn. Korleis me skal ta oss av dei som ikkje er så heldige. Korleis me skal tilgi kvarandre.

Og sist men ikkje minst, han opna vegen til Gud for alle menneske. I Getsemane kjempa han striden til å vera villig til liding, kors og død. På Golgata ropa han før han døydde: "Det er fullført". Han tok på seg alle våre synder. Men døden kunne ikkje halda på han. Då kvinnene kom til grava påskedagsmorgon var den tom.

Herren har sanneleg stått opp og har synt seg for Simon. Har han synt seg for deg?

God påske!



Søndagsøpe på Soknaton

På Nedstrand er det denne våren starta eit nytt fast tiltak kalla "Søndagsøpe - på Soknaton." Utgangspunktet for samlingane er eit ønske om å treffa endå fleire med evangeliet.

"Me ynskjer ikkje å vera ein konkurrent til gudstenester og andre møter, men heller vera eit alternativ slik at alle kan få noko som dei kan kjenna seg heime i" seier Ståle Hustoft, eit av medlemma i gruppa som står bak tiltaket.

Saman med Hustoft er det Åge Baustad, Brit S. Bakkevig, Erlend Sande og Åsne B. Hustoft som utgjør leiargruppa.

Alle er velkomne!

"I utgangspunktet har me laga møter i ei form me sjølv trivast med. Då får me påfyll til å gjera ein innsats med å forkynna evangeliet til andre" forklarer Ståle.

Samlingane startar med ein sosial kveldsmat eller kaffimat før me samlast til eit møte.

Datoar i vår:
30. mars kl. 19.30
- kveldsmat kl. 19.00
13. april kl. 19.30
- kveldsmat kl. 19.00
4. mai kl. 16.00. Familiemøte
- Kaffemat kl. 15.30
18. mai kl. 19.30
- kveldsmat kl. 19.00

Konfirmant-drøs

av Intervjua av Hildbjørg Mannes, skrive av Anne Tove Øvrebo

Dei første vårteikna har så vidt byrja å vise seg. På likt med fuglekvitter og plantar som spirar, er det også andre teikn som minnar om at våren er i grying, nemleg konfirmasjonsførebuingar. Dei fleste har kanskje noko lunde kontroll på dukar, kaker, serviettar og det som trengs til sjølve konfirmasjonsdagen..? (Eller er det kanskje eit ømt tema..?) Medan dei praktiske «foreldre-førebuingane» går føre seg, har me møtt eit knippe konfirmantar frå Bokn, og spurt kva dei tenkjer om det å konfirmera seg.

Ida Havikbotn

Kvifor har du valt å konfirmera deg i kyrkja?

- Fordi eg er kristen.

Kva gjer de på når de har konfirmant-undervisning?

- Me har eit tema kvar gong som me lærer om/ snakkar om.

Kva synest du er det kjekkaste ved undervisninga?

- Å laga og spela skodespel/sketsjar.

Er det noko du tenkjer på som kunne gjort konfirmantopplegget enno betre?

- Det kunne vore biblar der (på Bedehuset), fordi alle gløymer å ha med sin eigen til undervisninga. Og så kunne me vore meir saman med konfirmantar frå andre stader. Elles synes eg opplegget er bra.

Kva betyr sjølve konfirmasjonen for deg?

- At ein vel å gå vidare som kristen, at ein vil leva som kristen.

Simmen Karoliussen

Kvifor vel du å konfirmera deg i kyrkja?

- Eg har jo egentleg ikkje nokon spesiell grunn. Det er egentleg mest tradisjon det å konfirmera seg i kyrkja.

Kva gjer de på når de har konfirmant-undervisning?

- Me høyrer på presten, skriv bøner og les/syng salmar.

Kva synest du er kjekkast av det de held på med?

- Eg synest det er kjekkast når meg syng, eg.



Frå venstre: Joachim Paulsen, Ida Havikbotn, Eline Øvrebo, Simmen Karoliussen og Malena Hognaland.

Er det noko du tenkjer på som kunne vore gjort annleis med konfirmantopplegget for å gjera det enno meir attraktivt?

- Eg synest det kunne vore litt meir felles med konfirmantar frå andre stader. Det er litt, men det kunne vore enno meir av det.

Elles er eg fornøgd med undervisninga og det opplegget me har.

Kva betyr sjølve konfirmasjonen for deg?

- Ein er liksom litt meir vaksen når ein er konfirmert.

Eline Øvrebo

Kvifor har du valt å konfirmera deg i kyrkja?

- Fordi eg er kristen, og då er det mest naturleg for meg å konfirmera meg i kyrkja.

Kva gjer de på når de har konfirmant-undervisning?

- Me les ofte i Bibelen og snakkar om det me har lese.

Kva synest du er kjekkast ved konfirmasjons-opplegget?

- Å få møta andre folk frå andre stader og å vera med dei som skal konfirmera seg i kyrkja.

Kva betyr sjølve konfirmasjonen for deg?

- Det betyr at eg føler meg litt større, kanskje. Litt vaksnare.

Joachim Paulsen

Du har valt å konfirmera deg i Bokn kyrkje, og går dermed på konfirmantundervisning på Bokn Bedehus. Kva plar de å gjere når de samlast til undervisning?

- Me les i Bibelen, snakkar om det me har lese og skriv bøner.

Kva synest du er det kjekkaste ved konfirmant-opplegget?

- Det at heile klassa er saman og at me gjer noko kjekt i lag,- lagar bøner og sånn.

Kva burde det vore meir av, synest du?

- Leirar. Me var nettopp på ein leir, men det burde vore fleire slike leirar. Det er kjekt, fordi då får me treffa folk frå andre stader.

Kva betyr sjølve konfirmasjonen for deg?

- At ein byrjar å bli vaksen, og då har ein på ein måte lov til å gjera meir. - Og pengar ;)

Malena Hognaland

Kvifor har du valt å konfirmera deg i kyrkja?

- Fordi eg synest det er ein viktig ting, som alle i min familie har gjort. Og så synest eg det er litt koseleg fordi det er eit teikn på at du har blitt litt eldre.

Kva gjer de på når de er på konfirmant-undervisning?

- Me les om Gud og høyrer på når presten snakkar om kristne ting.

Kva synest du er det kjekkaste ved undervisninga?

- Læring gjennom aktivitetar. Me har ja-/nei-leikar om ulike moralske dilemma av og til, og det er gøy.

Kva betyr sjølve konfirmasjonen for deg?

- Det er liksom ein liten feiring for meg og min familie.

Konfirmantar i Tysvær og Bokn 2014

Aksdal kirke

lørdag 3. mai kl. 10.30

Isabell Haavik Førland
Erik Halleland Jensen
Eirik Hallingstad
Håvard Vihovde Hovland
Espen Bjørkheim Jansen
Sindre Iversen
Andreas Bakkevig Holden
Elena Simone Stenersen
Svanlaug Mæland
Sander Nesheim
Christina Nyland
Sander Østhus
Jakob Laurits Vågshaug
Åse Bøe Olsen
Kristine Starefoss Olsen
Thomas Sjøwall
Thomas Stølsvik
Oda Sildelid Søvik
Hedda Lilleås
Sindre Førre

Lørdag 3. mai kl. 12.15

Ingrid Alvheim
Birgitte Auestad
Eirik Førland Bjørnå
Tina Fossum
Joakim Lund Dyhring
Alexane Andrea Bardieus
Jakob Helle
Thea Hovda
John Fredrik Presthagen Jakobsen
Kine Haraldseid Kallevåg
Gabriel Klingsheim
Evy Marie Kvalavåg
Silje Linn Meling
Simon Trageton Skofteland
Amund Skogland
Even Førre Steinsnes
Peder Stokkan
Kristine Tjøsvoll Veim
Helene Skottheim

Søndag 4. mai kl. 10.30

Malene Hovland
Kristian Gjøvåg
Trude Halvorsen
Roald Henning Førre Jørgensen
Kristina Johnsen Noriega
Kristian Auestad
Cathrine Rasmussen
Nora Sandslett
Mark Foss
Herman Tveit
Ingeborg Kristin Aksdal
Daniel Martinsen
Sindre Alvseike Bauge
Sara Marie Sønsteby Kallevik



Illustrasjon: Birgitte Kolbeinsen

Søndag 4. mai kl. 12.15

Jakob Berge
Amalie Bokn
Kristiane Fjell Breistein
Jørgen Huse
Hilde Kambe
Cecilie Lundal
Mathias Log Persson
Marie Log Staveland
Kristine Ubøe Sætre
Sofie Vestbø
Lene Charlotte Wee
Emil Østhus
Anne-Marthe Askeland Øygarden
Marte Ølstørn Hettervik
Håkon Mannsåker

Søndag 11. mai kl. 10.30

Sandra Førland
Erik Hauge
Grethe Grunnaleite Furseth
Kristian Haraldsen
Susanne Håland
Amalie Ilstad
Martin Midtbø Mælen
Ariel Kristensen Nuntun
Cecilie Pallesen
Petter Steinsvik
Griffin Marshall Retzius
Hans Petter Helle Homb
Hilde Årthun Dahlseng
Fredrik Gundersen
Miriam Elise Martinsen
Tobias Sandstå Monsen
Malin Kili Apeland

Bokn kyrkje

Søndag 4. mai kl. 11.00

Joakim Skjelde
Sverre Trosnavåg
Linn Sørvåg
Kristina Kallevik Hanssen
Raymond Hognaland
Joachim Ognøy Paulsen
Torfinn Mandius Alvestad
Eline Øvrebø
Gina Grønnestad Johannessen
Rune Hognaland
Ida Havikbotn
Målfrid Kvinnesland Øvrebø
Simmen Karoliussen
Malena Hognaland

Nedstrand kyrkje

søndag 11. mai kl 11.00

Thomas Mæland
Tord Nagell Topnes
Karianne Sørvik
Ivar Rasmussen
Adrian Leknes Mortensen
Lage Amdal
Torbjørn Brynjelsen Lilleskog
Eivind Asheim
Margrethe Fredriksen
Hanna Nag
Regine Dalva Lie
Kamilla Rasmussen
Tor Andre Eskevik
Mikal Aarekol Aksland
Sandra Helle
Emil Hagelberg
Johanne Hustoft

Skjoldastraumen kyrkje

Søndag 4. mai kl 11.00

Mathias Lindanger
Åsmund Håheim
Per Magne Nerheim
Ole Smørdal
Conrad Høvring
Ann Kristin Frøyland
Karina Bjørnevik
Glenn Arne Yrke
Jone Smørdal
Jonas Staurland

Søndag 4. mai kl 13.00

Benjamin Susort
Gry Øvrebø
Stine Hetland
Martin Risanger
Petter Steinsland
Johan Erwin Sandslett Ramsdal
Ruben Kallekødt

Tysvær kyrkje

Lørdag 10. mai kl. 12.00

Heidi Simonsen Bjordal
Hanna Borgen
Stine Askheim Liknes
Ida Sofie Bakken
Tonje Nordtveit
Gina Gedick
Birgitte Edland
Sander Susort
Sunniva Silvia Kronmüller
Nils Håkon Sørenes
Karianne Haugeberg
Lone Austerheim
Aseline Heimdal

Søndag 11. mai kl. 11.00

Elias Rasmussen Våge
Lene Kallekødt
Susanne Munthe Sørensen
Amalia Helgesen
Karoline Nybru
Sindre Bakken
Gunn Iren Ytreland
Christoffer Rasmussen
Lena Dybdal
Ane Kvinnesland
Evy Hervik
Kristine Rossebø
Bjørnar Susort
Johan Sørenes
Vebjørn Espeland Hareide



Såkornet som døde på krossen

av Ståle Hustoft

Det er ikkje så mange år sidan me var sjølvberga med korn. Då stod t.d. mine besteforeldre på låven med det tørka og treska kornet og skilde dårleg korn til dyrefor ifrå godt korn som kunne brukast til mat. Men det aller beste kornet vart lagt til side - det skulle vera såkorn til neste års vekstsesong.

Også i dag er såkorn verdifullt. Når eg skal så, prøver eg å gi kornet så gode vilkår som mogleg slik at det skal bera god avling. Eg kastar ikkje korn på vegen, i krattet og på steingrunn. (*les likninga om såmannen: mattheus 13.*)

Slik som såkornet må leggst i jorda og døy for å bera ny avling, slik måtte også Jesus døy på krossen på Langfredag for at me skulle få livet.

Det er det mest verdifulle kornet, den aller beste kvaliteten, som vert vald ut til såkorn og grunnlag for nytt liv. Gud valde sin einaste son, det mest verdifulle han har, til å vera sitt såkorn i verda. Ved Jesu død på krossen gav han nytt liv til oss.

Korleis skal me forkynna evangeliet om Jesus til våre venner? Me må høyra på Jesu likning om såmannen; fortelja om Gud som gav sin einborne son til ALLE. Me skal ikkje skilja mellom veg, steingrunn og ugras. Evangeliet skal forkynnast til alle, også til dei me reknar med har for dårleg jordsmonn til at trua kan spira. Kanskje skal me forkynna særleg der trua har tronge kår.

Fortelja om Jesus til dei som er på vegen, som vert trakka på og der trua ikkje får slå rot. Me må peika på Jesus til dei som har "steingrunn" i hjarta sitt. Vatna og gjødsla slik at trua kan spira til tross for svake røter. Og me kan så ut av Guds ord mellom torner og ugras. Der synda har fått overtaket kan Gud med sin Heilage Ande la trua spira fram - til tross for tronge kår.

Det er ikkje vår jobb å sortera når me skal så Guds ord. Me skal la Han leia oss til dei som treng vatning, gjødsling og stell i trua si.

Det offeret Jesus gjorde då han døde på krossen er så overbevisande at me ikkje treng å pynta på historia for å gjera den lettare å selga. Eg som kristen skal berre så vidare av den avlinga som trua gir i mitt liv. Kanskje treff eit trus-frø ein stad der det kan få slå rot. Då er det opp til Gud å gi vekst til den nye trua.

Kva er vel Apollos? Og kva er Paulus? Tenarar som hjelpde dykk til tru! Begge gjorde vi det Herren hadde sett oss til: Eg planta, Apollos vatna, men Gud gav vekst. Så er dei ikkje noko, korkje den som plantar eller den som vatnar. Berre Gud er noko, han som gjev vekst. Den som plantar og den som vatnar, er eitt, men dei skal få løn, kvar etter sitt eige arbeid. For vi er Guds medarbeidarar; de er Guds åkerland, Guds bygning.

1. kor 3, 5-9

Einar Andreassen

- ein hyggelig mann med varmt hjarte og tolmodig sinnelag

av Ingrid Hustoft Landro

Einar Andreassen er eit namn me etterkvart no kjenner frå gudstenesteannonseringane for Kyrkja i Tysvær. Kyrkje-tonar ville finne ut meir om mannen bak namnet. Difor stilte me han eit utval spørsmål og den blide presten svara villig.

Om seg sjølv kan han fortelje at han er ein mann i slutten av 40 åra som er gift med Inger og far til Gjertrud og Solveig. Svigerfar er han og. Dei bur på ein liten gard på Håvik på Karmøy. Elles er han veslebror til 3 sysken, svoger og onkel og er svært glad i heile familien.



Vil du være med og gi mennesker håp om en bedre fremtid?

BLI FAST GIVER!

SMS

Send sms med koderord NLM FG + e-postadresse til 2377 eller se nlm.no

Nå er Einar vikar for Dag Tormod Milje i Nedstrand sokn på deltid og elles prostiprest i Haugesund prosti. Kyrkjetonar spør kva han har gjort før han kom hit, og Einar har eit mangfoldig svar: "Eg er ei slags kyrkjeleg potet som har jobba med ulike oppgåver. Av utdanning er eg vigsla kateket og diakon. Difor har eg jobba som kateket i Avaldsnes og Skudenes, vært ungdomsutviklar (diakon) i Kopervik, og prestevikar i Vår Frelzers i Haugesund og på Karmøy. Dei siste 5 åra har eg jobba i Sjømannskyrkja/ Norsk kyrkje i utlandet som Områdeleiar i krinsen her og som konsulent i Norgesarbeidet."

Med eit så spennande og innhaldsrikt arbeidsliv kan me ikkje la vere å spørje om han vil dele nokre konkrete hendingar med Kyrkjetonar. Det vil han gjerne: "Eg har opplevd mykje flott som eg kunne dele, så det er vanskeleg å velja... Eg er nok den typen som gler meg stort med dei små ting. Å koma til lunsj i Aksdalkyrkja med dei tilsette eller på kafe med syster mi. Elles hadde eg ei oppleving sumaren 2011 som kan delast. Eg var sjømannsprest i Rotterdam i nokre veker og hadde naturleg nok ei flott oppleving i berre å vera der, men så smalt det i Oslo og på Utøya. Det utløyste ei rørende tid på Sjømannskyrkja der. Mykje besøk med blomar og helsingar til det norske folk strøymde til kyrkja. Folk samla seg og tente lys ved alteret i bøn for Noreg og for dei som hadde mista. Det gjekk mykje kaffi og vafler dei fyrste vekene etter denne hendinga og eg fekk eit innsyn i kva posisjon Sjømannskyrkja har for nordmenn i utlandet, men og for lokale miljøer. Midt i dette la eg merke til eit eldre ektepar som saman tende eit lys i lysgloben. Ho var frå Noreg, han frå Rotterdam. To veker seinare døydde denne eldre dama og eg fekk vera hjå dei med nattverd og samtaler dei siste dagane. Då fortalte mannen hennar at lyset dei tente i kyrkja var for han som var skuld i terroren i



heimlandet hennar. Dei ville utgjere ein forskjell..." Einar er utdanna både til kateket og diakon. Likevel har han no lyst til å vere prest. Kvifor? "Det vil eg fordi eg likar å forkynne og likar å vera saman med menneske i ulike sider ved livet. Livet har lært meg kva sorg og tap er og dei utfordringane dette kan gje oss. Midt i denne sorga treng vi å møta menneske som ser oss. Dette skal presten formidle til kyrkjelyden og vekkje til omsorg i nærmiljøet. Som kyrkje skal vi utgjere ein forskjell og dette har eg lyst å vera med å oppmuntre alle aldersgrupper til å våge. Vidare ser eg på trusopplæringsreforma som den største utfordringa for kyrkja i nyare tid. Dette er gøy og krevjande på same tid. I dette har eg ein plass med mi røynsle og utdanning. Og så er eg glad i gudstenesta! Mest fordi innhaldet i den har vore med å reise meg opp når eg har hatt det tøft og vondt. Dette skapar glede og gode stunder, aleine og saman med andre."

1. pinsedag, 8. juni Konsert i Nedstrand kyrkje

**1. pinsedag, 8. juni kl. 20.00
ynskjer me velkommen til konsert
med Torolf Nordbø i
Nedstrand kyrkje.**

Tysvær bygdeblad fann fram både rosande ord og terningkast seks når Kjell Inge Torgersen holdt den fyrste pinsedagskonserten i Nedstrand Kyrkje i fjor. Når ressursgruppa i Nedstrand inviterer til konsert i år også kan me altså kalla dette for ein tradisjon.

Torolf Nordbø er mannen bak "Han innante", men 8. juni besøkjer han Nedstrand utkledd som seg sjølv med eige materiale. Nordbø er ein dyktig låtskrivar og tekstforfattar. Dei siste åra har han mellom anna fått mykje radiospeling med "Eg lengtar heim i kveld" saman med Rita Eriksen. I august 2013 gav han ut sin foreløbig siste CD; "Spor av år."

**Velkommen til ein flott
kveld i Nedstrand kyrkje.
Inngong kr 150,-
Billetsalg ved inngongen.**



foto: frå CD-cover til "Spor av år" og "Det kjærlege auga"

Einar er opptatt av å vere med å skape heile fellesskap i kyrkja. Med det meiner han at det er plass for alle. Han har arbeid mykje med menneske med utviklingshemming og har hatt mykje kontakt med menneske som fell utanfor. Han vil ha dei og innafør. Ein kyrkjelyd som ikkje maktar å ha med seg det vanskelege, går glipp av mykje velsigning og Guds nærleik. Dette gjeld om han er i kvit kappe eller i joggebukse. Det krev tolmod, og det har han, seier han, sjølv om han kanskje verkar rastlaus og i farten. Kyrkjetonar understreker at rastlaus og i farten ikkje er det første me tenkjer når me møter Einar. Om han har mange jern i ilden og travle veker er vårt soleklare inntrykk at han likevel gjerne slår av ein prat, deler litt av det han tenkjer på, og lyttar til andre.

Kva gjer du når du har fri? "Då klappar eg katten og jobbar med vøling av gamle bygningar.. Båt har eg også. Forresten så må me ikkje gløyme skogen... Likar å felle tre og lage vedkubbar!"

I år skal han ha alle påskegudstenestene i Nedstrand sokn. Kyrkjetonar spurte kva han vil formidle då: "For meg er påskemorgonen dagen då døden døde og Jesus den som er midtpunktet. Eg ynskjer nok å vera med å vidareformidla Guds og Jesu kjærleik til menneskeslekta. Det gjeld meg like mykje i dag som det vil gjera i livets siste pust."

Har du eit favoritt-bibelvers, Einar? "Det har eg. Bibelens kortaste vers: Jesus gråt (Joh.11,35). Det viser at Guds sønn er menneskelig og har evne til sjå oss slik vi er og har det. Samstundes gir det oss bekreftelse på å vera oss sjølve med vår tru. Og så er det lett å huske!"

Korleis ser du føre deg livet til Einar Andreassen om 5 år? "Det er det ikkje lett å svara på, men eg har søkt om å bli ordinert til prest og trur at eg kanskje er prest ein stad på Haugalandet då. Men eg er ikkje framand for tanken om presteneste også andre stader. Eg er open for det som kjem. Kan også vera at eg er blitt bestefar då..."

Med desse framtidsvisjonane går Einar ut i dagen mot nye oppgåver og utfordringar, og Kyrkjetonar takkar for intervjuet og ynskjer Guds signing over liv og teneste. No veit me litt meir om denne hyggelige, smilande mannen som rett som det er står i kyrkja vår og snakkar sant om livet og sant om Gud.





Wejdan Jarrah(32) i arbeid i flyktingleiren Zataari i Jordan.

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 8. april

av Kjersti Hjelmervik Lofthus/ Kirkens Nødhjelp

Tirsdag 8. april er det fasteaksjon, og konfirmantene (+ noen voksne) vil ringe på dørene for å samle inn penger til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid over hele verden.

Borgerkrigen i Syria er vår tids største katastrofe. Kirkens Nødhjelp jobber i Syria og andre katastrofe-områder for at flest mulig mennesker skal få en sjanse til å overleve. Fasteaksjonen bidrar til dette og til at folk reiser seg og får nye muligheter.

Under fasteaksjonen kommer igjen over 40 000 bøssebærere fra alle landets menigheter til å gå dør til dør for å samle inn penger til Kirkens Nødhjelps arbeid. Dette formidable engasjementet over hele landet gjør aksjonen til Norges nest største dør-til-dør-aksjon.

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon har som mål å samle inn penger til de som trenger det mest, og å forandre årsaker til nød gjennom beslutningspåvirkning.

Aksjonen har vært arrangert siden 1967. Pengene som samles inn går til Kirkens Nødhjelps arbeid over hele verden. Mange mennesker i verden kjenner nøden på kroppen. Men heldigvis er vi mange som står sammen for å skape forandring både i våre prosjekter ute og her hjemme i Norge



KAFFEKROKEN

© Hans Johan Sagrusten



Gir håp til syriske flyktninger

– Altfor mange har sett sine egne søsken og foreldre bli drept. Men hvis jeg kan bidra til at de i det minste øyner et håp om en bedre fremtid, har jeg verdens mest meningsfulle jobb, sier Wejdan Jarrah (32) som gir psykososial støtte til syriske flyktninger. Zataari i Jordan er i dag verdens nest største flyktingleir, med over 200 000 mennesker som har flyktet fra borgerkrigen i Syria. Altfor mange – både barn og voksne – har opplevd bomberegner eller sett familie, venner og naboer bli drept. Som en konsekvens sliter mange med traumer og søvnløshet.

Psykisk nødhjelp

– Innen mitt fagfelt kaller vi arbeidet vi utfører for psykososial førstehjelp. Det er akkurat hva det er. Mange har behov for nødhjelp også psykisk, sier Wejdan Jarrah (32). Hun har master i psykososialt arbeid og jobber i flyktingleiren Zataari i Jordan for å gi håp til syriske flyktninger i en desperat situasjon. Selv om Jarrah har den rette utdanningen og erfaringen, er det tøft. Mange av menneskene hun møter, har opplevd ufattelige traumer. – Det er klart det går inn på meg. Jeg møter så mange skjebner at jeg ofte må bearbeide egne tanker etter lange arbeidsdager for å være rustet til en ny dag i leiren, sier hun.

Umenneskelige lidelser

Firebarnsmoren Dimah, som har søkt tilflukt i Zataari, forteller om flere dagers sammenhengende bombing av landsbyen de bodde i. Om rene massakrer på sivilbefolkningen. Om 196 drepte den dagen de flyktet. – Sønnen min på fire år gråter og skjeller hver gang han hører et fly, forteller hun. I leiren får hun og familien hjelp av Kirkens Nødhjelp og våre partnere. Dimah forteller om et tidligere liv med gårdsdrift, om to døtre som elsket svømming og hesteridning. Som drømte om studier og solide jobber. I dag sitter de som flyktninger i et ørkenområde der den ubarmhjertige solen gjør teltet stekende hett. – Dette er ikke mye til liv, men vi er i det minste i sikkerhet fra de grusomme krigshandlingene, og vi er svært glade for hjelpen vi får, sier Dimah.

Fakta: Konflikten i Syria

Krigen begynte med demonstrasjoner mot regimet i 2011. Borgerkrigen har skapt en av de største humanitære katastrofene på 70 år

10 millioner syrere er rammet. 1/3 av Syrias befolkning, 2,5 millioner syrere, er på flukt.

Kirkens Nødhjelp jobber i flyktingleire og vertssamfunn både i Syria, Libanon og Jordan

Ta vel imot bøssebærerne tirsdag 8. april og gi din støtte til Kirkens Nødhjelps sitt arbeid blant de som trenger det mest.

Dersom du ikke er hjemme når bøssebærerne kommer, kan du støtte aksjonen direkte ved å:

Benytte kontonummer 1594 22 87493
Sende GAVE på sms til 2468 (200 kroner)
Ring givertefon 820 44 088 (200 kroner)

For 200 kroner kan du gi et menneske sikker tilgang til rent vann!



Kirkens Nødhjelps innsats

Kirkens Nødhjelp gir nødhjelp til syriske flyktninger både inne i Syria og i nabolandene. Vi trappet opp innsatsen i fjor høst og fortsetter arbeidet med stor styrke i år.

Vi jobber primært med å sikre tilgang til rent vann og hygieniske sanitærforhold. Men også mat, pledd, madrasser og telt er viktige leveranser. Gjennom ACT Alliance og våre partnerorganisasjoner bidrar vi til å gi psykososial støtte til flyktingene.

Stor aktivitet i KyrkjeNÆR



Da skolene hadde planleggingsdag kom 3. klassingane til kyrkja for å være med på aktivitetsdag med tema diakoni.

I Aksdal startet vi dagen med fellessamling der vi lærte om ordet diakoni, nye sanger og hørte fortellingen om den barmhjertige samaritan både i gammel og ny versjon. Deretter ble vi delt inn i grupper som forberedte ulike ting. Noen øvde på dans og drama. Matgruppa lagde lapper som vi senere tok med når vi besøkte Aksdaltunet og Tysværtunet.



Kunst- og håndverkgruppa lagde brettspill og collage med den gyldne regel. Mediagruppa tok blant annet bilder (som dere ser her) og skrev, tegnet plakater om diakoni. Når alle hadde gjort ferdig forberedelsene sine besøkte vi de eldre på Tysværtunet og Aksdaltunet. Vi sang sammen, fortalte vitser, snakket med de gamle om hva de gjorde når de var 8 år og så spiste vi de nystekte lappene. De var knallgode. Siste del av dagen ble det full aktivitet i idrettshallen og svømmebassenget, før vi hadde samling for foreldre som kunne få se vi hadde gjort i løpet av dagen.



Dei siste vekene har det vore kodeB for 5.klassingane på Bokn og i Tysvær. Det har vore ei kveldssamling på Bokn bedehus og ei på Tysvær Soknehus. I tillegg var vi samla i Tysværvåg laurdag 8.mars. 9.mars blei det feira gudsteneste med Bibelutdeling i kyrkjene. Målet med kodeB er å lære meir om Bibelen og kva den inneheld av skjulte skattar. Det er også viktig å lære korleis vi kan finne fram i Bibelen

Bileta er frå laurdagssamlinga der det var tid for både undervisning, speidartur til sjøen, mat og underhaldning.

Fotograf: Henriette Ingersdotter Grottvik.

kodeB



Dåpsskole Førresfjorden

foto: Line Immel



Juniorkonfirmasjon på Nedstrand



Forsøk på å bygga Babels tårn. Kva skal til for å bygga det høgaste tårnet?



Ei go'stund i kyrkja

av Ingrid Hustoft Landro

Det er onsdag og vestlandsvinterver ute. Klokka er 09.52. To barnevogner er på veg over Lars Hertervig plass mot varmare rom. Dei opnar den tunge døra, trillar vognene innafor og byrjar å pakke opp. Gudeskapte vidunder ventar tillitsfullt med store auge. Litt etter opnar døra seg igjen.

Venlege velkommen og småsnakking kan høyrast i det enda ei lita spire strekker seg søvning mot mammaen sin. «Så kjekt å sjå deg!» « Du har vore her før, du? Kjekt at du kom igjen!» Namnelappar vert klistra på, teppet lagt på matta og me er klare.



Me er i Aksdal kyrkje. Det er nest siste samling på babysong denne våren. Kari slår forsiktig finger-cymbalane saman og vekker øyrene til liten og stor. Deilig, spe lyd. Pust rolig og nyt. Forventning i blikket. Så eit klassisk stykke, før velkomstsongen. Her er alle velkomne. Ein etternølar og to finn plassane sine akkurat i tide til å få sitt namn sunge. Me er i gong!

Fotograf og observatør for dagen stokkar tunge, bein og armar og forsøker å både synge med og ta blinkskudd av små og store i aksjon. Rim, regler, songar og bevegelsar kjem på rekke. Opp og stå, i ring, dansetrinn, tåregler, kosesongar – ei herleg blanding av nytt og gammalt, alt for å glede seg i samspel og lek saman med barnet sitt.

Kari finn fram den store fallskjermen og mødrene tek tak. Babyane ligg storøygde under og lyttar. Fargespel, luft og lyd blir i overkant spennande for enkelte, men då legg mammaen ei trygg hand på barnekroppen og med eitt er det betre for dei begge.

Etterkvart tek samlinga ei ny vending. Kari leier flokken syngande inn i kyrkjerommet: «Vær meg nær , O Gud». Her samlast dei rundt døypefonten, der Det nye livet byrja, og tenner lys for barna sine i lys-globen før dei tek plass i kyrkjebenken. «Kjære Gud, jeg har det godt. Takk for alt som jeg har fått.» Så er samlinga over, kaffi og te kan inntas i kyrkjestova og nye band kan knyttast. Kari rydder saman utstyret og ynskjer venleg velkommen tilbake neste gong.



Det skjer et under

Tekst: Gerd Grønvold Save 1994/96
Melodi: Kjell Mørk Karlsen 1996

Ingen på jorden er himlen så nær,
som barnet han tar i sin favn,
som barnet han tar i sin favn.

Det skjer et under i verden,
hver gang et barn blir til,
over det gryende livet
lyser Guds skapersmil.

Det skjer et under når barnet
møter oss hud mot hud,
øynene speiler Guds himmel,
gir oss et glimt av Gud.



Babysong er ro, kos, lek og samspel under ei høg himling i ei raus kyrkje. Her er alle velkomne, uavhengig av tru eller tvil, songstemme eller musikalitet. Dette er ei gullstund for foreldre og barn. Ømme blick, kjærteikn, smil, latter, og til slutt forsiktige bøner til ein Gud dei kanskje tør tru på – Han som skapte barnet i mammas mage og vil gå med det gjennom livet. Kva babysong egentleg er, veit berre dei som har vore der.



1 2 3 4 5 6 7 8 9 10 11 12

BABYSONG


For alle som har born i alderen 0-12 mnd.

**torsdagar kl 10– 11.30
i Skjoldastraumen kyrkje**

**13.mars
20.mars
27.mars
24.april
8.mai
15.mai
22.mai**

Vi syng gamle og nye barnesongar, lærer rim og regler og kosar oss saman med barna. Etterpå et vi lunsj saman. Ta med niste så serverer vi drikke. Ta gjerne med eit lite teppe som barnet kan liggje på. *Pris: Kr 10 pr. gong*

Hugs at for barnet har du den vakraste stemmen i verda!



Vegen mot Riksforsamlinga på Eidsvoll 1814 og ny grunnlov

av Edvin Gjerde

18.mars 1814, eller 18de Martij slik dei skreiv det den gongen, var ein stor dag i Schiolds Præstegjelds Hovedkirke. Det var Bededag i tråd med Prins Christian Fredriks anmodning til alle landets kyrkjesokn. Nå gjaldt det eids-avlegging og Noregs sjølstende. Menn skulle veljast for å avgjere kven som skulle til Riksforsamlinga på Eidsvoll, for å lage og vedta ny grunnlov. Og dernest velje norsk konge. Her møtte folk frå Skjold, Vats og Tysvær sokn. Søndag 23.februar i år vart denne høgtidlege handlinga minna i kyrkjene våre som ledd i markeringa av 200 år med eiga grunnlov.

I dei åra som har gått sidan 1814 har den vore grunnlaget samfunnet vårt er bygd på. Det politiske systemet, rettsvesenet og dei borgarrettane me har som einskild individ, ligg der. Til dagleg tenkjer me ikkje over det. Men var det nå så sjølvsaugt at det skulle gå slik? Og kvifor vart det slik? Mange land har vedteke grunnlover like gode som vår, men likevel gjekk det alt anna enn bra.

Det var dramatiske omstende som førde fram til denne søndagen i mars 1814 i Skjold. Freden i Kiel 14. januar det året var berre ei utløysande årsak.

Napoleon hadde i tiåret før 1814 skaffa seg herredøme over nesten heile Europa og verka uslåeleg. Berre England stod imot. Med fastlandsblokaden skulle Napoleon knekke dei og. Då vart det viktig for England å hindre at den dansk-norske flåten i København skulle kome på franske hender. Dermed gjekk dei til åtak på København og tok med seg flåten i 1807. Då kunne den dansk-norske kongen, Fredrik 6., knapt gjera noko anna enn å gå inn i krigen på Napoleons side.

Heilt enkelt var det ikkje for naboen på andre sida av Øresundet heller. Russland tok Finland etter ein kort krig med Sverige i 1809. Etter det fekk svenskane løfte om Noreg i staden. Dermed sikra stormaktene at Sverige vart ståande på deira side mot Napoleon. Nederlaget for Russland i 1808 var audmjukande for svenskekongen. Han vart avsett. Carl 13, som vart innsett litt seinare, var aldrande og utan arving til trona. I 1810 henta dei av alle den populære Prins Christian August som var statthaldar i Noreg på den tida, og tilbaud han å verta tronarving. Han svara ja, men døydde kort tid etter. Dermed laut svenskane finne ny tronfølgar. Denne gongen valde dei ein av

Napoleons generalar, Jean Baptiste Bernadotte. Sjølv om Carl 13. levde til 1818, var det generalen, under navnet Karl 14. Johan, som hadde styringa. Han skjøna fort at ein ny krig med Russland for å ta Finland attende var for risikabelt og at Noreg med stormaktsstøtte lettare kunne komme på svenske hender.

Kva så med dobbeltmonarkiet Danmark-Noreg? Kva rørde seg her? Etter flåteranet i 1807 vart det oppretta ein regjeringsskomisjon i Noreg som skulle styre landet i dei vanskelege tidene som nå kom. Mest av alt gjaldt det kornforsyninga. Danmark var den viktigaste leverandøren av korn til Noreg.. Det skulle bli katastrofalt. Engelske krigsskip blokkerte norske havner. Uår og hungersnaud følgde. Sjølv om danskekongen på mange måtar prøvde å få fram hjelp og blokaden tidvis vart letta, måtte nordmennene meir og meir klare seg på eiga hand.

Ønske om friare hender i andre saker synte seg etterkvart. For turane over Skagerak var farefule. Avstanden til København var på ein måte blitt monaleg lengre. Det var tydeleg at norske interesser ofte var i strid med danske. Noreg hadde stor handel med England og var klårt meir vestvendt. Trelast- og fiskeeksporten stoppa i periodar meir eller mindre heilt opp. Korleis tenkte leiande personar i Noreg i denne tida? Nokre meinte det var mest å vinne på ein union med Sverige. Me fekk eit unionsparti under leiing av Grev Herman Wedel Jarlsberg. Og eit sjølstendeparti som meinte at nå var tida komen for eit sjølstendig Noreg. Carsten Anker var ein nær ven av prins Christian Fredrik. Deira syn vant fram. Saman stelde dei seg i spissen for norsk sjølstende. Prinsen var komen til Noreg i mai 1814. Tida fram til han måtte forlate Noreg i oktober 1814 skulle bli svært dramatisk.

Då krigslukka snudde for Napoleon etter mislukka åtak på Russland haust og vinter 1812 og nederlag i folkeslaget ved Leipzig i okt 1813, skjøna danskekongen kva som kunne koma.

Han valde å støtte Christian Fredriks plan om å verta norsk konge og motarbeida ein union med Sverige. Men nå stod svenskehæren sør for Danmark. Det var lite danskane kunne stille opp mot den. 14.januar vart Kielfreden underskreven, og Noreg gitt til Sverige.

Det tok tid før Prins Christian Fredrik og dei som støtta han fekk vite kva som hadde hendt. Prinsen var vel likt og sett opp til. Nå sette han i gong arbeidet som skulle føre fram mot 17.mai grunnlova og han sjølv som konge i landet. Korleis trekkje folket med seg? Korleis samle brei støtte?

Prinsen var ein flink agitator. Gjennom ei mengde skrifter oppmoda han nordmennene til å ta over styringa av eige land. Mange i kretsen rundt han hjalp til. Nå var landet løyst frå den danske kongen Fredrik 6. Sensuren var oppheva. Ein kunne skrive fritt. Det rådde noko nær ein propagandakrig. For og mot unionen som Kielfreden la opp til. Kvifor greip ikkje Karl Johan inn? Sluttoppgjeret med Napoleon var ennå ikkje over. Der var han framleis bunden.

Våren 1814 gjekk seierherrane frå Leipzig mot Paris og 6.april vart Napoleon avsett og sendt i eksil. Nå kunne Karl Johan snu merksemda mot Noreg. Men det tok tid å ta hæren heim til Sverige.

I mellomtida hadde mykje hendt her heime. Christian Fredrik tala, skreiv og drog ut på reise til Trondheim. 13. februar var han tilbake på Eidsvoll. 15.februar kalte han inn til stormannsmøtet neste dag. –” en del menn av den høyeste rangklasse, som er min tillit verdig, for å sette dem inn i vår nåværende stilling og mine planer og for å høre deres mening.” Men planen var framleis einevelde og ”kongedømme av Guds nåde.”

Men mellom dei 21 ” av høyeste rangklasse” , som var samla 16.februar, var og professor Georg

Sverdrup med fleire. Fredrik 6. hadde gitt fra seg makta, ikkje til prinsen, men til folket, sa han. Og prinsen bøygde av. Arverett til Noregs krone gjaldt ikkje lenger. Folkesuverenitetsprinsippet hadde vunne fram.

Det vart viktig å sikre folkeleg støtte til den lina prinsen staka ut. Kampen for sjølstende skulle sikrast med ein ”folkeed”. Den skulle finne stad på ein ”ekstraordinær Bededag,” i alle kyrkjer over heile landet. To viktige handlingar skulle skje den dagen: eidsavlegginga og førebuaende val til Riksforsamlinga på Eidsvoll.” Sværger I, at hevde Norges selvstendighed og at vove liv og blod for det elskede fædreland?” Med oppløfta fingrar skulle svares, ” det sværge vi, så sandt hjælpe os Gud og hans hellige ord!” Når dette var gjort skulle presten saman med dei 12 ”agtværdigste mænd” sende inn brev om at eiden var utført med ”sandt Fædrelandssinn.”

Så til våre heimlege trakter. Det var i Skjold Kyrkje bededagen fann stad 18. mars. Då vart denne historiske handlinga utført. ”Norges odelsbaarne Regent, Deres Kongelige Høyhed Prinds Christian Fredrik !” hadde funne saman med kyrkje og folk. Adressen med to navngitte ” agtbare” menn og tolv underskrifter, samt prestens blei sendt Deres Kongelige Høyhed. Nå kunne to valde menn frå Skjold, Tysvær og Vats sogn reise til Stavanger å velje dei som skulle vidare til Eidsvoll. 10.april 1814 kom Riksforsamlinga saman og arbeidet med å gi landet ei grunnlov tok til. I bygget til Carsten Anker. Her starta 112 representantar arbeidet med ny grunnlov for landet. Det arbeidet låg i våre eigne hender.



Det berømte maleriet «Eidsvold 1814» ble malt av Oscar Wergeland 70 år etter grunnlovsforsamlingen og gitt som gave til Stortinget i 1885. Christian Magnus Falsen står oppreist og leser fra Grunnloven, mens sorenskriver Wilhelm Frimann Koren Christie sitter ved siden av. I maleriet kan rundt 70 personer av Riksforsamlingens 112 medlemmer identifiseres. Bildet henger i Stortingssalen. (frå Wikipedia)

Skjoldastraumen kirkegård

av Terje Fjeldheim

Gratulerer Skjoldastraumen med ny kirkegård.

Nå er den så godt som ferdig. Gravminnene vi måtte fjerne er tilbake på plass og feltene A og B nedenfor bårhuset er åpnet for kistebegravelser igjen. Det gjenstår å så i plenfrø og asfaltere en del av veiene. Samtidig er parkeringsplassen nede ved den gamle skolen utbedret og kan brukes ved alle arrangement i kirken. Det vil ikke lenger være tillatt å bruke denne parkeringsplassen som lagringsplass for private biler og båter eller andre eiendeler. Det er nå bygget to hellelagte rasteplasser, en oppe ved kirken og en nede ved driftsbygget. Her vil det komme benker slik at besøkende kan sette seg ned og bruke tid på kirkegården.



Skeive og lause gravminne.

Våren kjem. På kyrkjegardane ser me at ein heil del gravminne er blitt skeive og lause. Dette er det festar sitt ansvar å retta opp i. Dette arbeidet kan ein sjølv sagt gjere sjølv, men det må då gjerast etter gjeldande regelverk. Det skal fundamenterast skikkeleg og det skal være to boltar frå sokkel og opp i gravsteinen. Det enklaste er å henvenda seg til ein av gravmonumentleverandørane i Haugesund å få dei til å gjere det. Kyrkjegardsarbeidarane tek ikkje på seg slikt arbeid. Kyrkjevevja kan gje meir informasjon om dette.

Ny kirkeverge i Tysvær



Eva Birkeland er ansatt som ny kirkeverge i Tysvær. Hun bor i Førde i Sveio kommune. Eva er gift og har 3 voksne barn.

Hun er i dag kirkeverge i Sveio, en stilling hun har hatt i 28 år. Birkeland kjenner Den Norske Kirke godt og har et stort engasjement både som ansatt og som frivillig medarbeider

Kyrkjetonar vil komme tilbake med presentasjon av Eva når hun har flyttet inn på kontoret i Aksdal.

red./tysvaerkirken.no

Stell av gravplasser i Tysvær



Tlf: 93 21 66 79/52 75 88 60

Korleis har du det...

EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no

Kirkens SOS
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Bibelen Guds Ord!



Illustrasjon: Elisabeth Moseng

Jeg vet godt at det ikke alltid er like lett å lese i Bibelen. Det kan være på grunn av at vi mener vi ikke har tid, om det er kjedelig eller at vi ikke skjønner nytten og behovet for Bibelen på samme måte som bønn, tilbedelse og fellesskap med andre.

Vi er avhengige av mat for å fungere, og en merker når vi ikke har spist på en stund. Noen blir svimmel, gretne, sultne, mister tålmodighet og er på "jakt" etter noe å spise for å fungere optimalt. Som nevnt vet jeg at det kan være vanskelig å prioritere tid med Jesus i Guds Ord, og jeg merker det når jeg har gått for lenge uten å bruke tid i Bibelen. Jeg blir mindre tålmodig, rastløs, lettere sint, skuffet og lei meg, jeg ser lettere feil i andre og lignende. Jeg merker dette mye lettere i dag enn jeg gjorde tidligere. Dette kommer av at jeg er sulten på hva Den Hellige Ånd har for meg og andre gjennom meg. Jeg prioriterer å sette av tid til Bibelen, og har gjort det over tid. Det er åndelig mat kan vi vel si.

Denne tiden må prioriteres, "Jaktes på", settes av tid til, og voktes. Det er så mye annet som vil ha tiden vår og drar oss bort fra det som gjør oss til bedre mennesker. Det er vanlig å si "har ikke tid" skal det ene og det andre. Men jeg hørte en dame fra USA si at hun ikke har tid til å ikke ha tid til Bibelen. Og det hun mente med det var at når hun prioriterte dette hver dag, ble de viktige tingene den dagen satt lys på og de mindre viktige tingene datt bort. Hun ble mer effektiv, og tiden strakk til på en annen måte.

Så hvis du er som de fleste andre og har en hektisk hverdag der du skulle ønske at tiden stoppet opp eller at døgnet fikk flere timer, råder jeg deg til å få daglig Bibeltid inn i gjøremålene dine, plott det inn i kalenderen, en tid på dagen du vet det er størst mulighet for at du får det til. Og det trenger ikke være en time, det kan bare være at du leser et bibel ord på morgenen og tenker og mediterer på dette ut over dagen, eller det kan være at du leser en bok og virkelig studerer denne til minste detalj. Er du som de fleste andre, så vet jeg at det siste krever mer disiplin og trening enn det første, og det er mulig. Men ikke føl at du må noe, alt må springe ut av et ønske om å bli bedre kjent med Jesus den beste av de beste. Klarer du å bruke den tiden du har bestemt deg for en dag, men ikke den neste, ikke få dårlig samvittighet! Det er ikke nødvendig, bare gjør det neste dag igjen og takk Jesus for nåden som er ny hver dag sammen med den nye muligheten til å være det beste du kan vær.

Vi må bli flinkere til å bruke Guds Ord, proklamere sannheten om oss selv og virkeligheten rundt oss. Jesus brukte Guds Ord når

han ble fristet av Satan. Han sa "det står skrevet...." og Satan måtte gå uten å ha vunnet. Jesus viste hva Skriften sa, og proklamerte dette, og gikk derfor rundt i full frihet. Vi er satt i frihet av det som Jesus gjorde på korset, og for at vi skal leve i denne sannheten, er vi nødt til å bruke tid i Ordet, lære bibelord utenat, be det, og sette det i verk i hverdagen. Bibelen er full av skatter, og veiledning i daglig-livet og gir oss alle en mening med livet og det vi holder på med til daglig. Den kan gjøre dagen mer spennende, da vi gjør som den sier at vi skal. Og lyder Guds verdifulle, rene, sanne ord, alt i Bibelen er innåndet av Guds Ånd. Vi må få opp øynene og skjønne at denne boken, ikke bare er en bok med 66 bøker inni. Men Guds ord til oss i dag, på samme måte som tidligere.

En blir rettfærdiggjort ved tro, tro på Jesus. Troen kommer av det vi hører av Guds Ord, derfor må vi høre hva som blir sagt i Bibelen for oss selv ved å lese/høre og høre prek/andakt ut i fra Bibelen. Skal en vite hva som er sannheten, må en kjenne Sannheten. Jesus er sannheten og Bibelen er Jesus på papir, så prioriter Bibelen.

Jeg ønsker å slå et slag for **bibelen**, det håper jeg du har skjønnet så langt. Det er Guds ord, og ordet sier at Jesus ER ordet., det vil si at Bibelen er Jesus i skrift.

I Hollywood har de proklamert at 2014 er Bibelens år. Også i kristen-Norge kan vi se dette. Flere har satt fokus på Bibelundervisning, og viktigheten av tid til personlig bibellesing og lesing sammen med andre. Om de prøver å få oversikten over de store linjene eller et tema, så er det viktig. Dette ønsker jeg å henge meg på og få flere til å skjønne. Bibelen er levende og virksom, skarpere enn et tveegget sverd som kløyver marg og bein.

Jeg har tro på at du kan, hvis du vil, for vi har en hjelper som drar oss nærmere hver dag. Jeg heier på deg og ønsker at du skal kunne gå ut i hverdagen med hevet hode og i frihet.



Lisa Lilleskog Jacobsen er ifrå Skjoldastraumen og er tilknyttet Ungdom i Oppdrag.

I Kyrkjetonar vil Lisa fortelja om kvardagen som medarbeidar i UIO, og motivasjonen for å tena Jesus på denne måten.

Les meir om Ungdom i Oppdrag på: www.ywam.no og www.uioskien.no



Rundt samme bord

“Rundt samme bord” vart arrangert på Soknatun 1. november 2013. Det er kvinneforeningane for Det norske Misjonselskap på Stranda og Hinderåvåg som steller i stand og inviterer til eit “annleis kvinnestevne med fokus på kvinner og solidaritet.”

Klara Lie, sjukepleiar, familieterapeut m.m. formidla sterke inntrykk og opplevingar frå mange land ho har besøkt og arbeidt/undervist i, for eksempel Uganda, Nigeria, India, Kina for å nemne nokre. Ho hadde og med kjolar ho hadde kjøpt i ulike land ho hadde jobba i og fortalde om dei.

Siv Anett Sande er lærar og har vore utsending for Misjonsalliansen, og budd og jobba 5 år i Ecuador. Ho fortalde om handicapsenteret Centro Creer i Guayaquil og det flotte arbeidet som blir gjort der for barn og unge, for dei som ikkje livet er så greitt for.

tekst: Elisabet Sande/ foto: Janne Eide og Klara Lie



Ho sang ein spansk sang og lærte oss refrenget på den. Ho lærte oss og nokre salza trinn til spansk musikk og rytmer.

Så hadde vi dekkja flotte bord til 70 damer, og på kjøkkenet var presten vår, Dag Tormod Milje kokk med mange gode hjelpear. Menyen var 3 retters middag: Forrett: Rødmende gravlaks med pepperrotkrem, hovedrett: Helsteckt entrecot limousin med mos og salat, dessert: Lun sjokolademousse og panna cotta med krydret plommesyttetøy.

Det var og utlodning, og netto innkome av inngangsbillet og åresalg vart kr. 27.400,- som vart delt mellom NMS, Misjonsalliansen og barnehjem i Uganda som Klara Lie støttar.

Det var ein vellukka kveld på alle måtar.





BARNAS -SIDE

Prikk til prikk



Teikne ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Finn fem feil

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikningar: Faye Simms



Basar på Førland

Bedehusbasar torsdag 3.april kl 18.00.

Andakt av Leiv Våga.
Pølser, kaker og kaffi.

Nedstrand Barneforening har

basar på Soknaton

tirsdag 15. april kl. 18.00

Andakt v/Kjersti Bjerga
Song av barnekoret "Sakkeus"
Alle velkomne!

Finnøy Kyrkjekor til Tysvær

Unni Vignes med sine sangere kommer søndag

25.mai kl 16.00 til Soknehuset.

Mye korsang, allsang, kaffe og sosialt.
Arr Tysvær Normisjon

Basar på Stranda bedehus

fredag 12. september kl. 19.00

Andakt og misjonsstoff ved Trygve Sandvik.
arr: Stranda kvinneforening NMS

Falkeid Sjømannsmisjon har

basar på bygdehuset

onsdag 2.april.

Møter i Aksdal kyrkje

tirsdagar kl 19.30 i Kyrkjestova

25.mars Norsk luthersk misjonssamband

1.april Den indre sjømannsmisjon

8.april Det norske misjonsselskap

15.april Ikkje møte

22.april Ikkje møte

23.april Norsk luthersk misjonssamband –temamøte

29.april Normisjon

6.mai Sjømannsmisjonen

13.mai Gideon

20.mai Normisjon

27.mai Norsk luthersk misjonssamband

3.juni Det norske misjonsselskap

10.juni Ikkje møte

Felles Misjonsstevne

for Tysvær, Aksdal, Bokn, Førre, Nedstrand og
Skjoldastraumen NMS foreiningar.

Tysvær Soknehus, onsdag 21.mai kl19.



Tale av Magne Smørdal. Misjonsglimt.
Sang av Aksjonskoret.
Misjonsgave. God matøkt.

Velkommen frå bygd og by.



Neste nummer kjem i
postkassen ca. 13. juni.

Frist for stoff til nr 2/2014:
23. mai

Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l.
til redaktør Ståle Hustoft, Espevik, 5560 Nedstrand.
e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142

Preiketekstane

30/3	3. søndag i fastetiden	Luk 11,14–28
6/4	4. søndag i fastetiden	Hebr 4,14–16
13/4	Palmesøndag	Joh 12,12–24
17/4	Skjærtorsdag	Matt 26,17–30
18/4	Langfredag IV	Joh 18,1–19,42
20/4	Påskedag	Luk 24,1–9
21/4	2. påskedag	Luk 24,13–35
27/4	2. søndag i påsketiden	Joh 21,1–14
4/5	3. søndag i påsketiden	Joh 10,11–18
11/5	4. søndag i påsketiden	Joh 16,16–22
17/5	17. mai	Luk 1,50–53
18/5	5. søndag i påsketiden	Joh 15,1–8
25/5	6. søndag i påsketiden	Luk 18,1–8
29/5	Kristi himmelfartsdag	Mark 16,19–20
1/6	Søndag før pinse	Joh 15,26–27
8/6	Pinsedag	Joh 20,19–23
9/6	2. pinsedag	Joh 16,5–11
15/6	Treenighetssøndag	Matt 28,16–20

Gjennom livet

Døpte

Bokn kyrkje

2013

13.10 Endre Våge

03.11 Milla Alvestad Solberg

2014

19.01 Emil Odland Alvestad

Tysvær kyrkje

2013

22.09 Mathea Riise

01.12 Matilde Søndena Røgelstad

2014

12.01 Solan Rokstad Hettervik

09.02 Emma Celine Kili Apeland

23.02 Even Stakkestad

Førre kirke

2014

02.02 Johanna Haaland

Even Halleland

Robin Odland Holgersen

02.02 Ingrid Aasbø Heggland,
Tysnes kyrkje

Aksdal kyrkje

2013

10.11 Emma Birkeland

Sander Johnsen Kallekødt

Synne Rørtveit

24.11 Vilde Nielsen Bringedal

Trygve Rødeseike

Karen Finnbakk Susort

15.12 Andreas Austerheim Gjone

Elias Kvammen Pettersen

Caspian Møller Stange

2014

19.01 Julie Apalen-Velde

Skjoldastraumen kyrkje

2013

17.11 Lukas Emil Matland Yrke

15.12 Amy Skorpe

26.12 Tor Enza Knutsen

Sofia Samuelsen Vestvik

2014

12.01 Ingeborg Marie Eikje

Maurangsnes

19.01 Mari Åsheim

Mikkel Fjeldheim Nygård

09.02 Miriam Emelie Olsen Søvik

02.03 Amalie Søvik

Nedstrand kyrkje

2014

16.02 Live Amdal Andersen

Magnus Kjellesvik Kleiberg

16.02 Elise Kvikne Silgjerd

Edmund Johan Svendsen

02.03 Emil Dahl Kahlbom

Aurora Dahl Kahlbom

Vigde

Førre kirke

2013

07.12 Nadja Stava
og Steinar Ådnanes Larsen

Tysvær kyrkje

2013

19.10 Laila Amdal og

Jan Egil Kallekødt

09.11 Regine Skjold Amdal
og Frode Amdal Müller

Skjoldastraumen kyrkje

2013

09.11 May Kristin Nordahl

og Ben Jarle Sagstad

14.12 Lisa Lilleskog og
Alexander Hetland Jacobsen

Jordfesta

Tysvær kyrkje

2013

12.11 Nils Olav Skauge

21.11 Sven Maurits Gismarvik

29.11 Sivert Eikje

13.12 Magnhild Frøyland

16.12 Leif Nils Skogøy

19.12 Ann-Karin Rasmussen

2014

24.01 Kjell Andreas Baug

29.01 Elise Johanne Holgersen

14.02 Lars Sigmund Heskja

20.02 Mari Kristin Samuelsberg

Nedstrand kyrkje

2014

03.01 Berta Voll

07.02 Karoline Stråbø

Skjoldastraumen kyrkje

2013

20.12 Sigurd Helgesen

Velkommen til kyrkje



Bokn kyrkje

30.3 kl 11.00: Gudsteneste ved Arne Aurdal. Offer til Haugaland KFUM/K. Løftefornyelse. Dåpsskuleavslutning. Årsmøte for kyrkjelyden.

13. 4 kl 11.00: Gudsteneste ved Arne Aurdal. Offer til Fasteaksjonen. Konfirmantane deltek.

18.4 kl 11.00: Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol. Offer til IKO.

20.4 kl 15.00: 1.påskedags-gudsteneste ved Arne Aurdal. Offer til NMS-prosjektet.

27.4 kl 18.00: Ung messe. Samtalegudsteneste ved Arne Aurdal og konfirmantane. Offer til KRIK.

4.5 kl 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste ved Arne Aurdal. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

17.5 kl 10.30: Gudsteneste ved Arne Aurdal. Offer til Redd Barna.

25.5 kl 11.00: Friluftsgudsteneste i Loten ved Arne Aurdal. Offer til NLA.

8.6 kl 11.00: Felles pinsedagsgudsteneste i Tysvær kyrkje ved Arne Aurdal.

22.6 kl 11.00: Gudsteneste ved Arne Aurdal. Offer til Kyrkjetonar.

Tysvær kyrkje

6.4 kl 11.00: Gudsteneste ved Arne Aurdal. Offer til Ungdomsarbeidar.

17.4 kl 11.00: Gudsteneste ved Arne Aurdal. Offer til Det teologiske menighetsfakultetet. Konfirmantane deltek. Tur til Straumane.

20.4 kl 11.00: 1.påskedags-gudsteneste ved Arne Aurdal Offer til Bara-prosjektet. Påskefrokost 9.30.

7.5 kl 19.00: Ung messe. Samtalegudsteneste ved Arne Aurdal, Marit Sofie T. Vikre og konfirmantane.

10.5 kl 12.00: Konfirmasjonsgudsteneste ved Arne Aurdal og Marit Sofie T. Vikre. Offer til Ungdomsarbeidar.

11.5 kl 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste ved Arne Aurdal og Marit Sofie T. Vikre. Offer til Ungdomsarbeidar.

17.5 kl 11.45: Gudsteneste ved Arne Aurdal. Offer til Kirkens Nødhjelp.

8.6 kl 11.00: Gudsteneste ved Arne Aurdal. Offer til Normisjon. Felles gudsteneste med Bokn.

29.6 kl 11.00: Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol. Offer til NMS, Bara-prosjektet.

Nedstrand kyrkje

6.4 kl 11.00: Gudsteneste ved Dag Tormod Milje, Gjermund Lygre og Ingrid H Landro. Dåpsskuleavslutning. Nattverd. Offer til Misjonsprosjektet. Årsmøte for kyrkjelyden.

18.4 kl 11.00: Gudsteneste ved Einar Andreassen.

20.4 kl 13.00: 1.påskedagsgudsteneste ved Einar Andreassen. Offer til Misjonsprosjektet.

27.4 kl 15.00: Ung messe ved Dag Tormod Milje og konfirmantane. Offer til Barne- og ungdomsarbeidet.

11.5 kl 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste ved Dag Tormod Milje. Offer til Kyrkjenær.

17.5 kl 11.30: Gudsteneste ved Dag Tormod Milje. Offer til Misjonsprosjektet.

25. 5 kl 11.00: Gudsteneste ved Einar Andreassen og Ingrid H Landro. Nattverd. Juniorkonfirmantane deltek. Offer til Kyrkjenær.

8.6 kl 13.00: 1.pinsedags gudsteneste ved Dag Tormod Milje. Offer til Misjonsprosjektet.

15.6 kl 11.00: Friluftsgudsteneste i Leiranger ved Norodd Stavenjord. Offer til Kyrkjelydsarbeidet. Samarbeid med Nedstrand Bygdemuseum.

Skjoldastraumen kyrkje

30.3 kl 11.00: Gudsteneste ved Einar Andreassen. Offer til Utstein pilgrimsgard. Barnekoret deltek.

17.4 kl 19.00: Gudsteneste ved Einar Andreassen. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

20.4 kl 11.00: 1.påskedags-gudsteneste ved Einar Andreassen. Offer til Misjonsprosjektet.

27.4 kl 11.00: Ung messe ved Dag Tormod Milje og konfirmantane. Offer til Barne- og ungdomsarbeidet.

4.5 kl 11.00 og 13.00: Konfirmasjonsgudsteneste ved Dag Tormod Milje. Offer til Kyrkjenær.

17.5 kl 9.15: Gudsteneste ved Dag Tormod Milje. Offer til Misjonsprosjektet.

25.5 kl 13.00: Gudsteneste ved Einar Andreassen og Ingrid H Landro. Nattverd. Dåpsskuleavslutning. Juniorkonfirmantane deltek. Offer til Kyrkjenær.

8.6 kl 11.00: 1.pinsedags-gudsteneste ved Dag Tormod Milje. Offer til Misjonsprosjektet.

Førre kirke

13.4 kl 13.00: Gudstjeneste ved Arne Aurdal. Dåp. Offer til Kirkens SOS.

17.5 kl 11.00: Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol. Offer til KIA.

1.6 kl 11.00: Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol. Dåp. Offer til Menighetsarbeidet.

Aksdal kyrkje

30.3 kl 11.00: Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol. Nattverd. Offer til Barne- og ungdomsarbeidet. Bibler til 5.klassingene. Gla´s sang deltar.

6.4 kl 11.00: Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol. Dåp. Offer til NMS Sat7. Forbønngudstjeneste. Søndagsskole.

17.4 kl 19.00: Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol. Nattverd. Offer til diakoni.

18.4 kl 11.00: Gudstjeneste ved Arne Aurdal.

20.4 kl 11.00: 1.påskedags-gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol. Nattverd. Offer til NMS Sat7.

23.4 kl ??? : Ung messe ved Bård Egil Dyrhol, Karianne Dagsland og konfirmantene.

27.4 kl 11.00: Gudstjeneste ved Gjermund Lygre. Dåp. Offer til Normisjon Mali. Søndagsskole.

3.5 kl 10.30 og 12.15: Konfirmasjonsgudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol og Karianne Dagsland. Offer til Barne- og ungdomsarbeidet.

4.5 kl 10.30 og 12.15: Konfirmasjonsgudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol og Karianne Dagsland. Offer til Barne- og ungdomsarbeidet.

11.5 kl 11.00: Konfirmasjonsgudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol og Karianne Dagsland. Offer til Barne- og ungdomsarbeidet.

17.5 kl 9.30: Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol. Offer til Sjømannskirken.

18.5 kl 11: Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol. Dåp. Offer til Menighetsarbeidet.

25.5 kl 11.00: Gudstjeneste ved Gjermund Lygre. Nattverd. Offer til Normisjon Mali. Søndagsskole.

8.6 kl 11.00: 1.pinsedags-gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol. Dåp. Offer til Menighetsfakultetet.